

Jærbonden som fellesgodeprodusent

Høgskulen for landbruk og bygdenæringar set i gang eit omfattande forskingsarbeid om det opne og landbruksproduserte jærlandskapet. Prosjektet vil kunna få stor betydning både for landbruket og for framtidig arealplanlegging i regionen.



I ei tid med store arealkonfliktar på Jæren set Høgskulen for landbruk og bygdenæringar (HLB) no i gang eit omfattande forskingsarbeid rundt kollektive oppfatningar og bruk av det opne og landbruksproduserte jærlandskapet.

Målsetjinga er å koma opp med arealplanleggingsmodellar som tek effektiv omsyn til alle brukargrupper i landskapet men som samtidig byggjer på eit aktivt jordvern.

KVA ER JÆREN?

Utgangspunktet for prosjektet *Kva er Jæren? Verdien av det landbruksproduserte jærlandskapet for andre brukargrupper* er eit av dei mest populære, men og mest omstridde og til dels konfliktfylte landskapsområde i landet. Innanfor eit svært avgrensa geografisk areal er landskapet Jæren både:

- * det viktigaste matproduserande arealet i Noreg
- * eit av dei mest ettertrakta utbyggingsareala for busetnad og næring i landet
- * eit mykje nytta fritidslandskap for mange tusen menneske
- * eit landskap med ei lang rekkje verna og/eller verneverdige kultur og naturverdiar

Gjennom forskingsarbeidet ønskjer HLB å få fram kor vidt det eksisterer felles verdiar på tvers av dei delvis potensielle og delvis pågåande arealkonfliktane.

PROSJEKTETS BETYDNING

Prosjektet vil kunna få stor betydning både for landbruket og for framtidig arealplanlegging i regionen:

- Ved å identifisera og tydeleggjera fellesverdiar knytt til landbrukslandskapet vil ein kunna koma opp med fleire og breiare grunngevingar for ein aktiv jordvernpolitikk for Jæren.
- Resultata frå prosjektet vil kunna danna utgangspunkt for reviderte arealplanleggingsmodellar som tek effektiv omsyn til alle brukargrupper i jærlandskapet.